

MOTTATT

16 MAI 2014

P14008

TK

Fra: Tord Kristian Karlsen [<mailto:Tord.Karlsen@bsj.uib.no>]

Sendt: 16. mai 2014 11:15

Til: Post Opus Bergen

Kopi: oystein.skar@hfk.no

Emne: Vedr. Varsel om oppstart planarbeid. Utarbeiding av reguleringsplan/reguleringsendring for gnr28 bnr 63, 90, 95., Kvalheimsneset, Radøy kommune. Forholdet til marine kulturminne.

Vedr. Varsel om oppstart planarbeid. Utarbeiding av reguleringsplan/reguleringsendring for gnr28 bnr 63, 90, 95., Kvalheimsneset, Radøy kommune. Forholdet til marine kulturminne.

Me viser til brev datert 06.05.2014.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Kobbvågen, Kvalheimsneset i Radøy kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Me har heller ingen indikasjonar på at området har vore nytta som ankringsstad eller hamn i eldre tid.

Museet har derfor ingen merknader til den planlagde reguleringsendringa.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Venleg helsing
for STIFTELSEN BERGENS SJØFARTSMUSEUM

Tord K. Karlsen
Saksbehandlar marinarkeologi
Direkte telefon: 55549604.
E-postadresse: marinarkeologi@bsj.uib.no
Nettside: <http://www.bsj.uib.no/>



BERGENS SJØFARTSMUSEUM
MARINARKEOLOGI